

Oppsummering - Ope møte om forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde september 2016

Stølsheimen verneområdestyre inviterte til ope møte om revidert forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde i september 2016. Informasjon om møta og planen vart lagt ut på heimesida til verneområdestyret. Møta vart arrangert på fylgjande stader:

- 7. september kl. 19.00 - Kommunestyresalen på Voss.
- 8. september kl. 19.00 - Blix hotell i Vik.
- 12. september kl. 16.30 - Skulehuset i Ortnevik.
- 13. september kl. 18.00 - Kommunehuset i Modalen.

Program for møte:

- Orientering om høyringsprosess ved leiar i Stølsheimen verneområdestyre Olav Turvoll
- Orientering om innhaldet i forvaltningsplanen ved verneområdeforvaltar Anbjørg Nornes
- Spørsmål og kommentar til planarbeidet frå dei frammøtte

Det vart opna for å ha ope kontordag på dei same stadane som møta var. Det kom ikkje inn førespurnad frå nokon som ynskte om å koma på open kontordag.

Under er laga ei kort oppsummering frå hovudpunkt på møta. Deltakarane vart oppmoda om å senda skriftlege innspel til planen etter møtet.

Oppsummering frå møte på Voss

4 deltakarar på møte.

Vaksdal kommune har utarbeid forskrift om brenning av avfall. Forvaltningsplanen bør oppdaterast med denne informasjonen.

Oppsummering frå møte i Vik

16 deltakarar på møte.

- Samarbeid med grunneigarane er viktig før det vert sett i gang skjøtsel på stølar og stiar.
- Attgroing på stølar som ligg i skogen. Viktig med skjøtsel for å halda landskapet opent, og ta vare på kulturminne.
- Viktig av område innanfor vernegrensa kan brukast og at det ikkje er for strenge restriksjonar. Det må vera mogleg å nytta naturressursane på ein berekraftig måte.
- Sykling på stiar i verneområde bør omtalast i forvaltningsplanen. Det er ikkje alle stiar og området som er eigna for sykkel.

Oppsummering frå møte i Ortnevik

12 deltakarar på møte.

- Stølsvegen mellom Solrenningane og Ortnevik bør merkast/vardast betre, gjerne som t-merka sti. Særleg området over høgjellet frå Storefonnosen til Vikeskora kan vera krevjande i dårleg ver.
- Grunneigarane ynskjer å få opning for persontransport med båt på Solrenningsvatnet.
- Det bør tilretteleggjast for funksjonshemma med universal utforming i dei område der det er praktisk mogleg.
- Ortnevik bør vera innfallspurt til Stølsheimen.
- Det kom spørsmål om det er feil registrering av kulturminne i Ortnevik
- Fleire av stadnamna har feil skrivemåte

Oppsummering frå møte i Modalen

5 deltakarar på møte

- Det er ei hytte/gjetarbu i Dyrebotnen som ikkje er avmerkt på temakartet med bygningar. Bygget er i Vik kommune.
- Forvaltning av rovdyr er ikkje omtalt i forvaltningsplanen. Det kom innspel på at det er viktig med streng forvaltning av rovdyr i område med beitande husdyr. Rovdyr vert forvalta av nasjonale myndigheiter og regionale rovviltnemnder, og er ikkje tema i forvaltningsplan for verneområdet.
- Det bør vera mogleg med motorisert transport av personar i særskilte høve.

Oppsummering

Anbjørg Nornes

Verneområdeforvaltar